

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	04.11.2020
<b>Tid:</b>	09:00-14:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Linda Merkesdal	Medlem	A

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Magnus Hammer	Linda Merkesdal	A
Gustav Bahus	Sigbjørn Framnes	FRP

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

<b>Saksliste</b>			
<b>Utvals-</b> <b>saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv-</b> <b>saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 19/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 20/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14. oktober 2020	2019/149	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 79/20	Bygging av fv. 614 Svelgen - Indrehus - må starte i 2021 - Bremanger kommune	2020/45793	
RS 80/20	Orientering om autonom buss i Førde	2020/73818	
RS 81/20	Status - prosjektet gang- og sykkelveg Fv 60 Loen - Solvik	2020/72622	
RS 82/20	Orientering om omklassifisering av offentlig veg	2020/73507	
RS 83/20	Meldingssak til SAMO om resultat av dialogmøte om avvikling av tenesta særskilt tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass ( VTA) i fylkeskommunen.	2020/41312	
RS 84/20	Siling av alternativ til konsekvensutgreiing av kollektivsystemet frå Bergen sentrum til Bergen vest	2020/70308	
RS 85/20	Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringar til Vestland fylkeskommune.pdf	2020/75170	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 92/20	Oppfølging av vedtak knytt til skuleskyssreglement	2020/37182	
PS 93/20	Brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane	2020/72402	
PS 94/20	Statens vegvesen trekker økonomiske tilskot til sykkelbyane	2020/86	
PS 95/20	Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane	2020/46333	
PS 96/20	Utgreiing nytt båtstopp på Fitjar	2020/56217	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 61/20	Spørsmål fra Arve Helle (A )- Rutetilbodet til og fra Austevoll	2020/203	
SI 62/20	Spørsmål frå Valvatne (AP)- Faste sjåførar til TT-kjøyring	2020/203	
SI 63/20	Spørsmål frå Høgli (MDG)- Julebelysning i Kong Oscarsgate i Bergen	2020/203	
SI 64/20	Spørsmål frå Bjørkly (H) - Merkenamn og omprofilering av kollektiveininga	2020/203	
SI 65/20	Spørsmål frå Aafløy(FNB) - Dekorbelysning	2020/203	
SI 66/20	Spørsmål fra Helle(A) - Kollektivprisar	2020/203	
SI 67/20	Spørsmål frå Brosvik (KRS) - Oppfølingsspørsmål, ungdomskort	2020/203	

## Godkjenningssaker

GK 19/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

GK 20/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14. oktober 2020

Møteprotokoll frå møte 14. oktober vart godkjend utan merknader.

## Referatsaker

RS 79/20 Bygging av fv. 614 Svelgen - Indrehus - må starte i 2021 - Bremanger kommune

Vart referert.

RS 80/20 Orientering om autonom buss i Førde

Vart referert.

RS 81/20 Status - prosjektet gang- og sykkelveg Fv 60 Loen - Solvik

Vart referert.

RS 82/20 Orientering om omklassifisering av offentlig veg

Vart referert.

RS 83/20 Meldingssak til SAMO om resultat av dialogmøte om avvikling av tenesta særskilt tilrettelagt skyss til varig tilrettelagt arbeidsplass ( VTA) i fylkeskommunen.

Vart referert.

RS 84/20 Siling av alternativ til konsekvensutgreiing av kollektivsystemet frå Bergen sentrum til Bergen vest

Vart referert.

RS 85/20 Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringar til Vestland fylkeskommune.pdf

Vart referert.

## Politiske saker

### PS 92/20 Oppfølging av vedtak knytt til skuleskysreglement

Forslag til innstilling:

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020**

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

### PS 93/20 Brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet sluttar seg til innføring av brukarbetaling på innfartsparkeringsplassane Åsane terminal, Vågsbotn, Straume kollektivterminal, Nesttun terminal, Skjoldskiftet, Skjold kirke, Sæterveien, Steinsvikveien, Birkelandsskiftet (inne), Storavatnet/Godviksvingane og Storavatnet terminal. Prisen vert sett til kroner 30 pr. dag for alle som har gyldig kollektivbillett. Laurdag og sundag vert det opna for kommersiell parkering med takstar på høvesvis 20 og 10 kr. pr dag. Øvrige innfartsparkeringsplassar vil framleis vera gratis.
2. For hovudutvalet er det viktig at betalingsløysingane er brukarvennlege. Betaling skal skje gjennom kjent parkeringsapp med kopling til Skyss sitt billetteringssystem.
3. Hovudutvalet sluttar seg til at det på sikt skal opnast for utvida kommersiell parkering for å nytta restkapasiteten på parkeringsanlegga våre, og ber om ei eigen politisk sak på dette i løpet av 2021. Saka vil også omhandle ei evaluering av ordninga med brukarbetaling.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, MDG og KrF fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett.

Fylkesrådmannen vert beden om å gjere ei vurdering av kollektivtilbodet i det som vert kalla influensområdet til kvar innfartsparkering i rapporten frå Asplan Viak. Dette med bakgrunn i at ein i Strategi for innfartsparkering og i Byvekstavtalen viser til at intensjonen med innfartsparkering er å auke tilgjenge til kollektivtransport, men samtidig ikkje konkurrere med det lokale busstilbodet. Det står og i Byvekstavtalen at ein i nokre sentrale område bør nytte areala til andre meir hensiktsmessige formål. Det er særleg tre innfartsparkeringar i saka der ein i dag har meget lavt, prosentvis, parkeringsbelegg. Kan fylkesrådmannen gi ei vurdering på om dette er areal som det hadde vore aktuelt å nytte til andre formål?»

## **Avrøysting utsetjingsforslag**

Hammer sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

### **Vedtak**

Saka vert utsett.

Fylkesrådmannen vert beden om å gjere ei vurdering av kollektivtilbodet i det som vert kalla influensområdet til kvar innfartsparkering i rapporten frå Asplan Viak. Dette med bakgrunn i at ein i Strategi for innfartsparkering og i Byvekstavtalen viser til at intensjonen med innfartsparkering er å auke tilgjenge til kollektivtransport, men samtidig ikkje konkurrere med det lokale busstilbodet. Det står og i Byvekstavtalen at ein i nokre sentrale område bør nytte areala til andre meir hensiktsmessige formål. Det er særleg tre innfartsparkeringar i saka der ein i dag har meget lavt, prosentvis, parkeringsbelegg. Kan fylkesrådmannen gi ei vurdering på om dette er areal som det hadde vore aktuelt å nytte til andre formål?

## **PS 94/20 Statens vegvesen trekker økonomiske tilskot til sykkelbyane**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil be Statens vegvesen (SVV) om å på nytt vurdere avgjersla om tilbaketrekking av økonomisk tilskot som er avtalt gjennom sykkelbyavtalane.
2. Dersom Statens vegvesen står fast på avgjersla om å trekke økonomisk støtte ved utgangen av eit budsjettår vil fylkeskommunen saman med kommunane etterfakturerer SVV for eventuelle ekstrautgifter
3. Fylkeskommunen vil i samband med ny strategi for mjuke trafikantar fastsette framtidig organisering av sykkelbussing i Vestland fylkeskommune.

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune vil be Statens vegvesen (SVV) om å på nytt vurdere avgjersla om tilbaketrekking av økonomisk tilskot som er avtalt gjennom sykkelbyavtalane.
2. Dersom Statens vegvesen står fast på avgjersla om å trekke økonomisk støtte ved utgangen av eit budsjettår vil fylkeskommunen saman med kommunane etterfakturerer SVV for eventuelle ekstrautgifter
3. Fylkeskommunen vil i samband med ny strategi for mjuke trafikantar fastsette framtidig organisering av sykkelbussing i Vestland fylkeskommune.

## PS 95/20 Ombordtillegg på bruk av bankkort om bord på bussane i Hordalandskontraktane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaaien) i Sone A (Hordaland) vert lagt til grunn ved innføring av betaling med bankkort. Frå innføring av bankkort som betalingsmiddel på bussane, vert det ombordtillegg på betalningar med bankkort for einskildbilletter.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.09.2020

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Sp, SV og MDG; fram slikt utsetjingsforslag:

«Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg.»

### Avrøysting til forslaget om utsetjing

Forslaget til Brosvik vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg.

### Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Saka vert utsett til medverknadsorgana har fått uttale seg

### Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.10.2020

**Trude Brosvik, Krf**, sette på vegner av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fram slikt forslag:

«Betalingsapp er det betalingsmiddelet som er best tilrettlagt for bruk for stordelen av dei gruppene RMNF representerer. Løysingane må vere enkle å forstå og det må vere like system i heile fylket.

For grupper som ikkje har tilgang til smarttelefon kan det synest urimeleg at dei må betale meir for å bruke betalingskort, og vi meiner det prinsipielt bør vere lik pris uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

RMNF vil som eit tilleggspunkt peike på at brukarar med betalingskort heller ikkje er sikra å kome med kollektivtransporten. Det meiner vi bør vurderast i eiga politisk sak.»

#### Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Tilråding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Betalingsapp er det betalingsmiddelet som er best tilrettlagt for bruk for stordelen av dei gruppene RMNF representerer. Løysingane må vere enkle å forstå og det må vere like system i heile fylket.

For grupper som ikkje har tilgang til smarttelefon kan det synest urimeleg at dei må betale meir for å bruke betalingskort, og vi meiner det prinsipielt bør vere lik pris uavhengig av om ein brukar app eller bankkort.

RMNF vil som eit tilleggspunkt peike på at brukarar med betalingskort heller ikkje er sikra å kome med kollektivtransporten. Det meiner vi bør vurderast i eiga politisk sak.

## **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet - 27.10.2020**

### **Avrøysting**

### **Vedtak**

## **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020**

**Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp)** sette på vegner av Frp, H og FNB fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det vert ikkje innført ombordtillegg for bruk av bankkort på bussane i Hordalandskontraktane.»

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, MDG, SV og Sp fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ombordtillegg i Sone A for bankkort vert gjort ut frå omsynet til å halde effektiv rutetid, og vil ikkje gje føringar på ruter i resen av fylket.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, Frp, FNB, Krf).

Djuvik sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, FNB og Krf) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, FNB, 1 Frp og 1 A).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppstø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland) vert lagt til grunn ved innføring av betaling med bankkort. Frå innføring av bankkort som betalingsmiddel på bussane, vert det ombordtillegg på betalingar med bankkort for einskildbilletter.

Ombordtillegg i Sone A for bankkort vert gjort ut frå omsynet til å halde effektiv rutetid, og vil ikkje gje føringar på ruter i resen av fylket.



## **PS 96/20 Utgreiing nytt båtstopp på Fitjar**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tar utgreiinga om nytt båtstopp på Fitjar til orientering.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 04.11.2020**

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Frp, MDG, SV, Krf fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tar utgreiinga om nytt båtstopp på Fitjar til orientering. Utgreiinga må sendast på høyring til Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Saka vert å vurdere i samband med handsaming av RTP.»

### **Avrøysting**

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tar utgreiinga om nytt båtstopp på Fitjar til orientering. Utgreiinga må sendast på høyring til Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Saka vert å vurdere i samband med handsaming av RTP.

## Skriftlege spørsmål

### SI 61/20 Spørsmål fra Arve Helle (A) - Rutetilbodet til og fra Austevoll

Representanten **Arve Helle (A)** har stilt slikt spørsmål:

Ferjesambandet Hufthamar-Krokeide er det mest trafikkerte fylkesvegsambandet i Vestland og har hatt ein sterk trafikkvekst dei siste åra. Rutetilbodet har ikkje halde følge med denne veksten, og både næringsliv og privatpersonar har gitt uttrykk for misnøye med tilbodet. Kva retningslinjer gjeld for utforming av rutetilbodet, og er det planlagt noko politisk sak om justering av desse? Eg ber også om ei orientering om hurtigbåttilbodet til og frå Austevoll, samt informasjon om når det eventuelt kjem ei sak om hurtigbåttilbudet generelt.

#### Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Rutetilbodet på fylkesvegferjene tek utgangspunkt i historiske data og framskrivingar for å kunne møte forventa etterspurnad. Opningstid i eit ferjesamband, frekvens, ferjekapasitet og gjenstående trafikk er sentrale kriteria i desse vurderingane. Tilbodet blir utvikla i samarbeid med aktuelle kommunar og ulike kundegrupper, og med politisk handsaming av vesentlege endringar.

Rutetilbodet mellom Krokeide og Hufthamar blei styrka frå 2018 gjennom innsetting av to nye elektriske ferjer, og samla sett auka kapasitetstilbod. Det er i perioden frå 2018 registrert svært få gjenstående køyretøy i sambandet. Rutetilbodet på ferjene er politisk handsama gjennom ei lang rekke saker frå 2016-2019.

Skyss er i gang med ei evaluering av dei seinare endringane i rutetilbodet med ferjene i Hordaland, og har mellom anna invitert aktuelle kommunar til nærare dialog om tilbodet. Ein vil også gå gjennom kundeklagar og innspel frå operatør. Resultata av prosessen vil bli lagt fram til politisk handsaming.

Fylkesrådmannen orienterte også om grunnlag for ferjetilbodet til og frå Austevoll i Kontrollutvalet i juni i år (PS 62/2020). Her vart det spesielt sett på lokalt ferjetilbod opp mot ulike transportstandardar.

#### **Hurtigbåt**

Ruta Sunnhordland - Austevoll - Bergen utgjør dagens hurtigbåttilbod til og frå Austevoll. Båten startar i Sunnhordlandsbassenget og går via Austevoll til Bergen. Hovudlina går mellom Leirvik, Rubbestadneset, Hufthamar, Flesland og Bergen sentrum. Båten korresponderer med lokalbåt i Sunnhordlandsbassenget og lokalbåt i Austevoll. Hovudlina har fire avgangar tur/retur Leirvik - Bergen på kvardagar, to avgangar tur/retur på laurdagar og fem avgangar tur/retur på søndagar. Ved søndagsruta er ni av ti turar innom Austevoll. Ruta Sunnhordland - Austevoll - Bergen betener òg Bekkjarvik, Litlekalsøy og Møkster med både faste stopp og moglegheit for tinging.

#### **Politiske saker**

Det har sidan vedtak av Kollektivstrategi for Hordaland i 2014 vore årleg politisk handsaming av handlingsprogram og årsrapportar for kollektivstrategien. Strategi, handlingsplanar, årsrapportar og fagutgreiingar er samla på skyss.no/rapportar. Hurtigbåttilbodet i Hordaland er handsama meir i detalj i Trafikkplan båt, vedteke i fylkesutvalet (PS 271/2017).

I tråd med vedtak i politisk sak om prosess for årlege ruteendringar (FUV, PS 188/2020) er no alle kommunar i Vestland inviterte til å kome med innspel til endringar for neste år. Dette gjeld også for ferje og hurtigbåt.

I arbeid med ny Regional transportplan (FUV PS 54/2020) med handlingsprogram vil temaet kollektivtransport på sjø bli utgreidd. Strategi og prinsipp for dette vil også vere eit sentralt tema revisjon av kollektivstrategien, eit arbeid som er knytt til RTP. Framlegg vil kome til politisk handsaming. Også knytt til utløp av dagens kontraktar for hurtigbåtdrifta (utløp 2023, med moglegheit for 2 + 2 års opsjon) vil det bli politiske saker.

### SI 62/20 Spørsmål frå Valvatne (AP)- Faste sjåførar til TT-kjøyring

Representanten **Per Jarle Valvatne (A)** har stilt slikt spørsmål:

I Bergen er blitt registrert at det kan vere utfordrande å få faste sjåførar til TT-køyring. Når det gjeld tryggleik for sårbare brukarar, i samband med Covid-19, så er det å føretrekke at transporten vert utført av faste sjåførar. Har det skjedd noko i det siste som skulle tilsei at dette er vanskelegare no enn tidlegare?

Brukarar og pårørande opplever med jamne mellomrom at transport ikkje kjem til avtala tid. Dette er sjølv sagt frustrerande for dei det gjeld. Samstundes så kan dette vere ein indikator på kvaliteten på tenesta som vert levert.

Finnast det eit avvikssystem? Kor skal brukarar og pårørande vende seg for å få registrert slike avvik?

Fylkesdirektøren:

Fylkesdirektøren kjenner ikkje til at det har vore faste sjåførar til TT-transport, det må i så tilfelle vere avtalt mellom TT-brukar og den enkelte drosjesentral/løyvehavar. TT-brukarane står fritt til å velgja transportør.

Drosjetilbodet har vore redusert sidan mars pga. covid-19 og mange drosjesjåførar er permittert. Det fører sannsynlegvis til at det blir meir ventetid på drosje enkelte tider på dagen og at det kan bli vanskelegare å få tak i drosje.

Det finnes ikkje noko avvikssystem for kvaliteten på drosjetenesta. Eventuelle klager må passasjereren i fyrste rekkje retta til sjåføren eller drosjesentralen/løyvehavaren.

## **SI 63/20 Spørsmål frå Høgli (MDG)- Julebelysning i Kong Oscarsgate i Bergen**

**Mona Høgli**, representant for Miljøpartiet Dei Grøne, har sendt spørsmål til møtet i SAMO 4. november 2020. I e-post dagsett 30. oktober skriv ho:

I avisa BA kunne vi sist fredag lese at Vestland fylkeskommune sier nei søknad om å få henge opp julebelysning i Kong Oscars gate i Bergen. Begrunnelsen fra fylkeskommunen er at det kan være trafikkfarlig fordi bilister blir distraheret av lysene og at ekstra belysning i tillegg til gatelys kan gi uheldige virkninger av lys og skygge. Kong Oscars gate er nyoppusset til miljøgate, og målet er å få mer folkeliv og mindre biler. De næringsdrivende gikk sammen om å betale for juletrebelysning for å gjøre gaten enda mer attraktiv og trivelig for de besøkende. Tilsvarende belysning som ønskes i Kong Oscars gate, er vanlig mange andre steder. Blant annet har samme leverandør som skulle henge opp lys i Kong Oscars gate, hengt opp lys i Strandgaten i mange år. Vi er inne i en spesiell tid, og vi trenger alle de lyspunkt vi kan få, selv om de er små.

Spørsmål:

Vil fylkesdirektøren se på denne saken på nytt for å finne løsninger som gjør at Kong Oscars gate kan blir en trivelig gate dekorert med julelys?

Svar frå fylkesdirektøren

Fylkeskommunen fekk 9. oktober tilsendt søknad frå MK Illumination AS om installering av ein mellombels lysdekorasjon i nordvestre delar av Fv. 5340 Kong Oscars gate i Bergen sentrum. Denne delen av gata er eit av Bergens eldste gateløp, med historie som strekk seg attende til høgmiddelalderen. Kong Oscars gate har vore gjennom ei større opprusting, som vart ferdigstilt hausten 2018. I den aktuelle delen av gata er den utforma som eit sambruksområde, etter det såkalla 'shared space'-prinsippet. Dette er ei blanding mellom ei gate og ein plass, der det å opphalda seg er like viktig som å koma seg fram. Det er tatt grep for å redusera gjennomgangstrafikken, slik at biltrafikken i dag er relativt låg.

I søknaden frå MK Illumination AS var ønsket å ha oppe lysdekorasjonen frå november og ut januar månad. Søknaden vart avslått i brev av 26. oktober, grunna omfanget av lyssettinga, kombinert med miljøgateutforminga av Kong Oscars gate. Det er likevel ikkje slik å forstå at me generelt er negative til julegatebelysning i gata. Her kunne me nok med hell vore tydelegare i svarbrevet på søknaden.

Fylkesdirektøren vil understreka at avslaget på den opphavlege søknaden er basert på ei fagleg vurdering av eit gitt lysoppsett. Sjølv om eit lysoppsett fungerer i ei bestemt gate, er det ikkje gitt at same løysing vil fungera godt i ei anna. Til dømes syner representant Høgli her til fv. 5347

Strandgaten, som er ei kjent julegate i Bergen sentrum. Strandgaten og Kong Oscars gate har to, tydeleg forskjellige gatestrukturar. I desse to gatene vil ein kunna forventast ulike ferdselsmønstre og åtførding hjå fotgjengarane. Lysdekorasjonen må såleis verta tilpassa etter slike tilhøve. Fylkesdirektøren vil leggja til at vurdering av trafikktryggleiken i slike tilfelle er samansett, og mange ulike moment spelar inn.

Fylkesdirektøren har formidla til søkjar at dei er velkomne til å senda ny søknad om julebelysning i Kong Oscars gate. Vidare har fylkesdirektøren invitert til og oppretta dialog med søkjar, med mål om å få godkjent lyssettinga.

## SI 64/20 Spørsmål frå Bjørkly (H) - Merkenamn og omprofilering av kollektiveininga

Representanten **Silja Ekeland Bjørkly (H)** har stilt slikt spørsmål:

I sak 90/20 vedtok samferdselsutvalet merkenamn og omprofilering av kollektiveininga. Ramma for arbeidet er sett til ca 7,3 millioner med ei tidsramme på 12 månader. Kor mykje vil fylkeskommunen spare ved å utsetje profileringa til neste ordinære anbudsrunder eller til kjøp av nytt materiell?

Fylkesdirektøren:

Vestland fylke er inndelt i ulike ruteområde som vert anbudsutsett til ulik tid. Busskontraktar med Kringom-materiell har varigheit som følgjer:

- Nordfjord, går ut i 2022 med moglegheit for 2 års opsjon
- Sunnfjord, går ut i 2024 med moglegheit for 2 års opsjon
- Sogn, går ut i 2025 med moglegheit for 2 års opsjon

Då alle desse kontraktane har moglegheit for 2 års opsjon vil bussane i desse ruteområda verte omprofilert perioden 2024 - 2027 ved utløyning av opsjon. Ved å velje denne framdrifta kan ein potensielt spare opp mot heile ramma på 7,3 MNOK (ref. også sak PS 213/2020 i fylkesutvalet). Ut frå eit marknadsperspektiv vil det vere uheldig å køyre med gammal profil på ei så stor og synleg flate, mange år etter at kollektiveininga har fått nytt namn.

## SI 65/20 Spørsmål frå Aafløy(FNB) - Dekorbelysning

**Trym Aafløy**, representant for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar, har sendt spørsmål til møtet i SAMO 4. november 2020. I e-post dagsett 31. oktober skriv han:

### **Kong Oscarsgate - beboerinitiert Lyssetting.**

Hva er gjort her for å finne løysningar som kan oppfylle fylkets krav og samtidig gi en dekorbelysning som initiativtakerne kan være fornøyd med?

Svar frå fylkesdirektøren

Spørsmålet her gjeld søknad frå MK Illumination AS om installering av ein mellombels lysdekorasjon i nordvestre delar av fv. 5340 Kong Oscars gate i Bergen sentrum. Ønsket var å ha oppe lysdekorasjonen frå november og ut januar månad. Søknaden vart mottatt 9. oktober. Svarbrev med avslag vart sendt 26. oktober. Avslaget er grunngjeve i omfanget av lyssettinga, kombinert med miljøgateutforminga av Kong Oscars gate.

Fylkesdirektøren har i nytt brev (dagsett 2. november) formidla til søkjar at dei er velkomne til å senda ny søknad med eit redusert omfang av lysdekorasjonen og tilpassa den trafikale situasjonen. Vidare har fylkesdirektøren invitert til og oppretta dialog med søkjar i forkant av ny søknad. Med det legg fylkesdirektøren til grunn at det skal vera mogleg å einast med initiativtakarane om eit opplegg for lysdekorasjon i gata.

Fylkesdirektøren syner elles til svar på spørsmål frå Høgli (MDG) om same tema.

## SI 66/20 Spørsmål fra Helle(A) - Kollektivprisar

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Viser til muntleg spørsmål i møte i finansutvalet i dag og sender det med dette skriftleg: Kan fylkesrådmannen legge fram ein oversikt over prisane på dei ulike reiseprodukta til Skyss/Kringom dersom ein ikkje aukar prisane med meir enn prisvekst, prisen på ordinære enkeltbillettar vert holdt til kr. 39,- og der midlar til reduserte billettprisar i Byvekstavtalen er innarbeida?

I tillegg ber ein fylkesrådmannen om å gjere greie for plan og tidspunkt for justering av takstar knytta til innarbeida av midlane frå byvekstavtalen og prisjustering for 2021.

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

### Taksttabell med fylgjande føresetnader:

Grunnlag prisvekst 2,5 % i 2021. Takstauke på enkeltbillett er uendra. Midlar til reduserte billettprisar i Byvekstavtalen er innarbeida. Uendra pris enkeltbillett gjev eit ekstra behov på kr 6-8 mill. i auka ramme. Utrekninga er basert på passasjertall i ein normalsituasjon (2019).

Billett Buss/bane	Takst 2020	Takst 2021-NY
Enkeltbillett vaksen	39	39
Enkeltbillett barn/honnør	20	20
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
Enkeltbillett Militær	39	39
24-timabillett vaksen	100	100
24-timabillett barn	50	50
24-timabillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg vaksen	250	230
Periodebillett 7 dg barn	125	115
Periodebillett 7 dg honnør	125	115
Periodebillett 7 dg student	150	140
Periodebillett 30 dg vaksen	800	735
Periodebillett 30 dg barn	400	370
Periodebillett 30 dg honnør	400	370
Periodebillett 30 dg student	480	440
Ugdomsbillett 30 dg	400	370
Periodebillett 180 dg vaksen	4000	3675
Periodebillett 180 dg barn	2000	1840
Periodebillett 180 dg honnør	2000	1840
Periodebillett 180 dg student	2400	2205

Tilrådinga er å gjennomføre årleg prisjustering og innarbeidinga av midlar til reduserte billettprisar byvekstavtalen samstundes. Vi kan dermed informere marknaden om to hendingar på same tidspunkt. Tidspunkt for årleg prisjustering er normalt 1. februar. Administrasjonen kan klare å framskande endringane til 15.januar om dette er ønskjeleg.

## SI 67/20 Spørsmål frå Brosvik (KRS) - Oppfølgingsspørsmål, ungdomskort

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt slikt spørsmål:

Eg viser til spørsmål om ungdomskort, stilt i Finansutvalet 29.10.20. Der kunne det ikkje gjevast svar på oppfølgingsspørsmål og det skulle difor takast i SAMO. Kva er drivarane for anslaget på at felles ungdomskort vil koste 5-10 mill å innføre?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Drivar er knyt til at fleire ungdommar vil nyttegjera seg av eit større/breiare rutetilbod. Dette gjev ein auka kostnad for fylket til takstkompensasjon for kommersielle ruter. Drivar er ikkje teknisk relatert.